

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandsjøen 74
5943 Austrheim

19. mai 2015

NVE
Postboks 5091 Majorstua
Oslo 1

Tålegrensa er nådd. Sei nei til 6 småkraftverk i Masfjorden.

NVE har mottatte søknader frå fleire søkjarar om løyve til å byggja seks småkraftverk i Masfjorden kommune. NVE bed høyringspartane om å vurdera kva sak for seg, men òg alle sakene samla.

Naturvernforbundet Nordhordland (NVN) handsama i styremøte 12.05.15 søknaden.

Naturvernforbundet Nordhordland vil på **prinsipielt energipolitisk grunnlag** gå mot alle dei seks søknadene. Subsidiert småkraft gjennom el-sertifikat er i høve til energieffektivisering og andre liknande kostnadseffektive tiltak, feil bruk av offentlege midlar for å redusere energibruken og klimagassutsleppa i Noreg. I tillegg har den sterke satsinga på småkraft store negative konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og reiseliv. Hordaland har overskot på produksjon av vasskraft. Prognosane peiker i same lei. Mykje tyder difor på låge prisar i lang tid framover, ikkje minst for ikkje regulerbar småkraft som kjem inn på marknaden når produksjonen elles er høg. Med dagens prisnivå er mange av dei generelt dyre småkraftverka ulønsame og lite realistiske prosjekt.

Når det gjeld **samla belastning for området**, vil Naturvernforbundet Nordhordland visa til ei allereie omfemnande utbygging av fjellområda i Masfjorden, der stort sett berre Fjon-fjella over mot Austfjorden ligg at som inngrepsfritt område. BKK har utnytta svært mykje av kraftpotensialet inn mot Stølsheimen, som er eit mykje nytta område for friluftsliv, og fleire småkraftverk er allereie bygde ut, også i Lindås kommune sin del av fjellområda, og over mot kommunane i Sogn. I tillegg kjem det prosjekterte kraftspennet mellom Modalen og Mongstad på 300 kV (420 kV), ny trafostasjon på Haugsvær og planane om luftspenn frå Dalsbotnfjellet vindkraftanlegg (132 kV) til ny trafostasjon på Frøyset. Alt dette er store og synlege inngrep som kjem i tillegg til søknadene om småkraftverk. Kraftutbygging i Masfjorden har etter vårt syn nådd smertegrensa, i sær i høve til landskapet, men også i høve til biologisk mangfald, m.a. oter, spettefugl og fossefall, og friluftsliv. Også ut frå samla belastning meiner difor Naturvernforbundet Nordhordland at søknadene må få avslag.

Særleg konfliktfylte utbyggingar

Både energipolitisk og vurdert ut frå samla belastning, går Naturvernforbundet Nordhordland i mot alle de i seks søknadene. Under kjem vurdering av **fire særskild konfliktfylte utbyggingar**.

Bjørneklettbotn kraftverk

Bjørneklettbotn kraftverk vil nytta eit fall på 220 m i Haugdalselva mellom inntaket på 320 moh og kraftstasjonen på 100 moh. Vassvegen er planlagd i ein 1840 m lang tunnel og ein 180 m lang nedgrave røyrgate. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på ein ca. 3300 m lang strekning i Haugdalselva, som delvis går i breitt fall over store svaberg med mot Haukelandsvatnet. Det er planlagd å sleppa minstevassføring på 52 l/s i Haugdalselva, men berre om sommaren. Haugdalselva har i dag ei middelvassføring på 1620 l/s.

Tørrlegging om vinteren og svært låg vassføring om sommaren, vil vera eit svært synleg og skjemmande inngrep i Haugdalselva som vil få negative konsekvensar for landskap og friluftsliv, m.a. bruk av badekulpane og svaa, ned mot Haukland. Næraste nabo til vassfallet er Fjon fjellkyrkje, lysløypeanlegg og camping. Langs fallet går ei gamal bygdeveg som gjer elva og kulpane lettare tilgjengeleg der fossen går open og brei ned mot Haukelandsvatnet.

Søklar er Småkraft AS. Både samla og isolert vurdert bør NVE avslå søknaden.



Fig. 1 Haugdalselva i middels vassføring over svaa ned mot Haukelandsvatnet 08.04.15.

Sulelva kraftverk

Sulelva kraftverk vil nytta eit fall på 405 m mellom to inntak i Sulelva og Svalva på 500 moh og kraftstasjonen på 95 moh. Vassvegen er planlagd i ein tilsaman 2420 m lang nedgrave røyrgate. Det er behov for ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Sulelva og Svalva er høvesvis 200 l/s og 250 l/s. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på ein til saman ca. 2600 m lang strekning i Sulelva og Svalva. Planlagd minstevassføring er høvesvis 7 l/s i Sulelva og 8 l/s i Svalva heile året.

Den låge vassføringa vil vera eit stort inngrep i Svaelva, som med 8 l/s i lange periodar nærast blir tørrlagd. Som namnet tilseier går elva breitt over store sva i foss ned mot kulturlandskapet på Kalhovda. Vassfallet er eit godt synleg landskapselement både i bygda og på større avstand frå fylkesvegen nordover mot Sogn og gjev stor opplevingsverdi. Utbygging med veg og inntaksdam vil føra til innhogg i inngrepsfrie naturområde opp mot turmålet Skarpefjellsnakken.

Søkjar er også her Småkraft AS. Både samla og isolert vurdert bør NVE avslå søknaden.



Fig. 2 Svaelva i middel vassføring ned mot Kalhovda 08.04.15.

Fossdalen kraftverk

Fossdalen kraftverk vil nytta avrenning frå tre ulike nedslagsfelt med eit samla areal på 6,3 km². Alle inntaka blir lagt på 240 moh. Vassvegen frå alle inntaka er planlagt som nedgraven røyrgate i heile si lengd til kraftstasjonen på 2 moh. Middelvassføringa er på 756 l/s. Utbygginga vil føra til redusert vassføring i Fossdalselva, sideelv til Fossdalselva og Dyrkollelva på til saman 3130 m. Det er søkt om minstevassføring i dei tre bekkane på til saman 68 l/s sommar og 45 l/s vinter.

Låg vassføring og overføringa frå Dyrkollelva vil vera synlege inngrep i eit fjordlandskap av verdi (Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland). Fossdalen er dessutan inngangen til inngrepsfrie område med potensial for friluftsliv.

Søkjar er Fossdalen kraft (SUS). Både samla og isolert vurdert bør NVE avslå søknaden.



Fig. 3 Fossdalselva sett frå gardstunet på Fosse ned mot Masfjorden 08.04.15.

Nørlandselva kraftverk

Nørlandselva kraftverk vil nytta eit fall på 132 m i Nørlandselva mellom inntaket på 135 moh og kraftstasjonen på 3 moh. I alternativ A skal vassvegen på om lag 1850 m gravast ned sør for elva og i hovudsak følgja eksisterande skogsbilveg. I alternativ B skal vassvegen gravast ned på nordsida av elva før den kryssar elva ved om lag 23 moh. Det er behov for ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Nørlandselva er 1880 l/s. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på ein om lag 1800 m lang strekning i Nørlandselva. Det er planlagt å sleppa minstevassføring på høvesvis 190 l/s om sommaren og 70 l/s om vinteren.

Låg vassføring vil vera eit stort inngrep i Nørlandselva, som kjem i breitt fall over svaberga gjennom kulturlandskapet ned mot Masfjorden. Sett frå fjorden og vegen inn mot Andvik ligg vassfallet tydeleg eksponert som eit naturskjønt element i landskapet, som i Fylkesdelplan for små vasskraftverk er registrert som verdifullt fjordlandskap. Stryka over svaberga er viktig for totalopplevinga av fjordlandskapet både på nært og fjernt hald. I tillegg er Nørlandselva innfallsporten til eit av dei største samanhengande inngrepsfrie områda av stor verdi i Hordaland, Fjonnfjella. Opp langs elva går bomveg til parkeringsplass for turgåarar opp Meisdalen til m.a. Ådneburen og Kalvedalshytta, som har T-merka sti. Området er mykje brukt til friluftsliv, også fritidsfiske. Det er registrert raudlista oter i vassdraget.

Søkjar er Nordkraft Vest AS. Både samla og isolert vurdert bør NVE avslå søknaden.



Fig. 4 Nørlandselva i middels vassføring sett frå Masfjorden 08.04.15. Fjonfjella bak.



Fig. 5 Nørlandselva i middels vassføring ned mot Masfjorden 08.04.15.

Monika Øksnes
Nestleiar

